



Vår sakshandsamar:
Jeanette Jensen
Tlf: 57 84 55 34

Dykkar ref.:

Dykkar dato:

Vår ref.:

14/4697

Vår dato:
15.04.2014

Det kongelige helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Reservasjonsordning for fastlegar - Høyringsuttale fra Vågsøy kommune

Vågøy kommunestyre har i møte 10.04.2014 i K-sak 031/14 handsama sak om reservasjonsordning for fastlegar og fatta følgjande vedtak:

K-031/14

Vedtak:

1. Vågsøy kommune meiner at det ikke skal vere opp til den einskilde kommune å bestemme om legar skal ha moglegheit til å reservere seg frå å henvise kvinner som ynskjer abort.
2. Vågsøy kommune ynskjer ikke å inngå avtale om reservasjon med sine fastlegar.
Vågsøy kommune sluttar seg til framlegg til uttale som ligg ved saka.

Høyringsuttale frå Vågsøy kommune i høve reservasjonsordning for fastlegar:

Departementet forslår gjennom endring i helse og omsorgstenestelova og i pasient- og brukarrettighetslova å opne opp for at kommunar sjølve kan inngå avtale om reservasjon med fastlegar som av samvitsgrunnar ikkje ynskjer å henvise kvinner til abort. Nasjonalt er det svært få fastlegar i primærhelsetenesta som av samvitsgrunnar reserverar seg mot å henvise kvinner til abort. Gjennomsnittleg bruker den einskilde lege 0,3 promille av sin totale arbeidstid til arbeid knytt til spørsmål om henvising til abort.

Slik forslaget om reservasjonsrett føreligg ser ikkje kommunen at det vil skape anna enn ein ekstra belastning for dei kvinnene som allereie er i ein vanskeleg livssituasjon. Dette sjølv om det i forslaget er tatt høgde for at fastlegen må gjere avtale med annan lege og syte for at informasjonsplikt til dei kvinnene det gjeld vert ivaretake. Kommunen skal også i forslaget syte føre si informasjonsplikt ut til innbyggjarane i kommunen.

Departementet bør i staden for å innføre ei ny ordning og endring i lovverket jobbe for å auke informasjonen i høve kvinners moglegheit til å ta direkte kontakt med sjukehusa for abort og ikkje nytte fastlegen.

Forslaget om at den einskilde kommune skal kunne gje sine fastlegar moglegheit til å reservere seg burde ikkje vert stilt da tal legar som ynskjer denne retten er av eit så lite omfang og moglegheitene/retten til kvinnen til å få direkte hjelp med sjukehusa og eventuelt andre legar er tilstade.

Postadresse Vågsøy kommune Pb 294 6701 MÅLØY	Fakturaadresse Vågsøy kommune Pb. 314 6702 MÅLØY	Besøksadresse Rådmannen Gate 1 64, Måløy	E-postadresse post@vagsøy.kommune.no Internettadresse www.vagsøy.kommune.no	Telefon: 57 84 50 11 Telefaks: www.vagsøy.kommune.no	Bankkonto 7874 0681264 Org.nr. 942 952 880
---	---	--	--	---	---

Vågsøy kommune

Sentraladministrasjonen

2 / 2

Vår sakshandsamar:
Jeanette Jensen
Tlf: 57 84 55 34

Vår ref.:
14/4697

Vår dato:
15.04.2014

Det er med bekymring vi registrerer at eutanasi (aktiv dødshjelp) vert drege inn i høyringsnotatet.
Forslag om å tillate eutanasi er i våre auge ein heilt annan diskusjon og høyre ikkje heime i dette notatet.

Høyringsuttale og utskrift av sakspapir K-sak 031/14 følgjer vedlagt.

Med helsing

Jeanette Jensen
konst.kommunalsjef

Vedlegg:
Høyringsuttale frå Vågsøy kommune i høve reservasjonsordning for fastlegar.docx
Høyringsuttale - reservasjonsordning for fastlegar

Høyringsuttale frå Vågsøy kommune i høve reservasjonsordning for fastlegar

Departementet forslår gjennom endring i helse og omsorgstenestelova og i pasient- og brukarrettighetslova å opne opp for at kommunar sjølv kan inngå avtale om reservasjon med fastlegar som av samvitsgrunnar ikkje ynskjer å henvise kvinner til abort

Nasjonalt er det svært få fastlegar i primærhelsetenesta som av samvitsgrunnar reserverar seg mot å henvise kvinner til abort. Gjennomsnittleg bruker den einskilde lege 0,3 promille av sin totale arbeidstid til arbeid knytt til spørsmål om henvising til abort.

Slik forslaget om reservasjonsrett føreligg ser ikkje kommunen at det vil skape anna enn ein ekstra belastning for dei kvinnene som allereie er i ein vanskeleg livssituasjon. Dette sjølv om det i forslaget er tatt høgde for at fastlegen må gjere avtale med annan lege og syte for at informasjonsplikta til dei kvinnene det gjeld vert ivaretake. Kommunen skal og i forslaget syte føre si informasjonsplikt ut til innbyggjarane i kommunen.

Departementet bør i staden for å innføre ei ny ordning og endring i lovverket jobbe for å auke informasjonen i høve kvinners moglegheit til å ta direkte kontakt med sjukehusa for abort og ikkje nytte fastlegen.

Forslaget om at den einskilde kommune skal kunne gje sine fastlegar moglegheit til å reservere seg burde ikkje vert stilt da tal legar som ynskjer denne retten er av eit så lite omfang og moglegheitene/retten til kvinna til å få direkte hjelp med sjukehusa og eventuelt andre legar er tilstade.

Det er med bekymring vi registrerer at eutanasi (aktiv dødshjelp) vert drege inn i høyringsnotatet. Forslag om å tillate eutanasi er i våre auge ein heilt annan diskusjon og høyre ikkje heime i dette notatet.



Vågsøy kommune

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse- og omsorgsutvalg	24.03.2014	009/14
Kommunestyre	10.04.2014	031/14

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 14/343	Saksansvarleg: Jeanette Jensen
------------------------------------	------------------------	-----------------------------------

Høyringsuttale - reservasjonsordning for fastlegar

Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommune meiner at det ikkje skal vere opp til den einskilde kommune å bestemme om legar skal ha moglegheit til å reservere seg frå å henvise kvinner som ynskjer abort.
2. Vågsøy kommune ynskjer ikkje å inngå avtale om reservasjon med sine fastlegar.
3. Vågsøy kommune sluttar seg til framlegg til uttale som ligg ved saka.

24.03.2014 Helse- og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Konst. kommunalsjef Jeanette Jensen og ordfører Morten A. Hagen orienterte.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

HS-009/14

Vedtak:

1. Vågsøy kommune meiner at det ikkje skal vere opp til den einskilde kommune å bestemme om legar skal ha moglegheit til å reservere seg frå å henvise kvinner som ynskjer abort.
2. Vågsøy kommune ynskjer ikkje å inngå avtale om reservasjon med sine fastlegar.
3. Vågsøy kommune sluttar seg til framlegg til uttale som ligg ved saka.

10.04.2014 Kommunestyre

Møtebehandling:

KrF v/repr. Olav Gjesdal fremmet følgende endringsforslag:

«Punkt 1:
Som innstilling frå Rådmannen.

Punkt 2:

Vågsøy KrF har forventning til avtalen med regjeringa vert oppfyllt, der både pasientane sine rettigheter vert sikra, og legane sin samvetsfrihet vert ivaretaken.

Punkt 3:

Vågsøy KrF sluttar seg ikkje til uttalen som fylgjer Rådmannen sitt punkt 3, då vårt syn er ivareteke i punkta ovanfor.»

Votering

Det ble votert alternativt over innstilling til vedtak fra Helse- og omsorgsutvalg og KRF sitt endringsforslag.

Innstilling til vedtak fra helse- og omsorgsutvalget ble vedtatt mot 4 stemmer.

K-031/14

Vedtak:

1. Vågsøy kommune meiner at det ikkje skal vere opp til den einskilde kommune å bestemme om legar skal ha moglegheit til å reservere seg frå å henvise kvinner som ynskjer abort.
2. Vågsøy kommune ynskjer ikkje å inngå avtale om reservasjon med sine fastlegar.
3. Vågsøy kommune sluttar seg til framlegg til uttale som ligg ved saka.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Helse og omsorgstenestelova

Pasient- og brukarrettighetslova.

Forskrift om endring i fastlegeforskrifta (forskrift 29.august 2012 nr.842 om fastlegeordninga i kommunene) og forskrift om pasient – og brukerrettigheter i fastlegeordninga (forskrift 29. august 2012 nr.843)

Bakgrunn for saka

Debatt om fastlegers reservasjonsmøglegheit:

I brev til Rådet for legeetikk 24.februar 2009 og brev til legeforeninga 23.juni 2009 uttrykte Helse og omsorgsdepartementet aksept for ei ordning der kommunar gav legar moglegheit til å overlate henvising til assistert befrukting til andre legar. Uttalen gjaldt almenningar generelt og ikkje fastlegar spesielt.

Blant andre legeforeninga og landsforeninga for lesbiske, homofile, bofile og transpersonar (LLH) reagerte på desse uttalene. LLH viste mellom anna til at dei hadde fått mange henvendelsar frå lesbiske om ubehagelege opplevingar knytt til legar som nekta å henvise til assistert befrukting.

Etter ein nærmare gjennomgang av det juridiske grunnlaget for reservasjon, fant departementet at fastlegeforskrifta frå 2001 ikkje opnar for at fastlegar med listeansvar kan få tilgang til å reservere seg mot å henvise til abort og assistert befrukting, eller til å skrive ut eller sette inn prevensjon.

Legeforeninga behandla spørsmålet om fastlegar skal kunne reservere seg mot å henvise til abort på landsstyremøte 6.juni 2013 og fatta følgjande vedtak:

«Legeforeninga meiner at alvorlege samvitsgrunnar knytt til liv og død kan gje grunnlag for at legar vert gjeve reservasjonsmoglegheit for deltaking i henvising og behandling. Legars reservasjonsmoglegheit skal ikkje vere til hinder for befolkningas lovbestemte rettigheter. Reservasjonsmoglehetene må difor vurderast lokalt i helsetenesta på ein slik måte at disse omsyn vert ivaretakne. Pasientane skal alltid verte møtt med forståing og respekt. For utsjånaden for pasientane må sikrast gjennom god informasjon»

Stålsettutvalet drøfta spørsmålet (jfr.NOU 2013) og eit fleirtal i utvalet (11av 15) ville ikkje tilrå å gje fastlegar rett til å reservere seg mot å henvise til abort, assistert befrukting eller til å skrive ut eller sette inn prevensjon.

Saksopplysningar / fakta

Ei nasjonal kartlegging av omfanget av samvitsbaserte skriftege avtalar om reservasjonar i helsetenestene helsedirektoratet gjennomførte i 2011 synte at det er eit avgrensa tal reservasjonar nasjonalt. Frå primærhelsetenesta (kommunane) er det rapport 16 tilfelle, og frå spesialisthelsetenesta (sjukehusa) er det rapport 79 fritak som gjeld svangerskaps avbrot. Eit klart fleirtal av desse var jordmødre.

I fylje abortlova §2 andre ledd har kvinner rett til sjølvbestemt abort om inngrepet vert utført før utgongen av tolvt svangerskapsveke.

Dei regionale helseføretaka har ansvar for at kvinne får oppfylt retten til abort. Helseføretaka skal organisere sjukehustenestene slik at kvinne innanfor helsregionen til ei kvar tid kan få utført abort jfr. Abortlova § 14.

I tida etter at abortlova vart vedtatt har einskilde legar praktisert ei reservasjonsordning

I departementets rundskriv I-4/2011 heiter det» Almennlegar og fastlegar knytt til den kommunale helse og omsorgstenesta har i dag ingen lov- eller forskriftsfesta rett til å reservere seg av samvitsgrunnar. Når det gjeld spørsmål om en lege av samvitsgrunnar skal ha moglegheit til å reservere seg mot å utføre bestemte oppgåver må ein skilje mellom almennlege og fastlege. Med fastlege meiner ein lege som har inngått avtale med ei kommune om deltaking i fastlegeordninga. (Jfr fastlegeforskrifta §2)

Når det gjeld fastlegar ,uavhengig om dei er sjølvstendig næringsdrivande eller ikkje, har ikkje kommunen heimel for å frita legen for oppgåve som er pålagt ved lov eller forskrift.

Vurdering / konsekvensar

Kommunen har ansvar for å organisere fastlegeordninga. Kommunen skal sørge for eit tilbod om almennlegeteneste og at eit tilstrekkeleg tal legar deltar i fastlegeordninga slik at alle som ynskjer det får tilbod om plass på ein fastlege si liste.

Det skal etter forslaget difor vere kommunane som vurderer ut frå lokale forhold om det er nok tilgang til fastlegar til at ein eller fleire av fastlegane i kommunen kan reservere seg mot å henvise til abort utan at det inneber urimeleg ulempe for kvinnene som vert rørt.

Vedlegg:

Dok.nr
130416
134077

Tittel på vedlegg
Hoeringsnotat_om_reservasjonsordning_for_fastleger.pdf
Høyringsuttale frå Vågsøy kommune i høve reservasjonsordning for fastlegar.docx

